

Fra: Stein Olav Ølvestveit[stein.olav.olvestveit@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 17.04.2026 08:02:22
Til: Vegard Bjørnevik; Post[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no];
post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: Spørsmål til ordføreren.

Hei.

Eg ynskjer å stilla fyljande spørsmål til ordføreren i kommunestyret torsdag
23.04.2026:

Til ordføreren i Kvinnherad kommune

Senterpartiet har fått spørsmål frå ein innbyggjar om korleis buplikta vert handheva i Kvinnherad kommune.

Buplikta er eit sentralt verkemiddel for å sikra busetnad på landbrukseigedomar, og er forankra i konsesjonslova. Etter konsesjonslova § 5 andre ledd kan det setjast vilkår om personleg buplikt ved erverv av landbrukseigedom, og etter § 6 er kommunen lokal konsesjonsstyresmakt med ansvar for forvaltning og oppfølging av regelverket.

Vidare følgjer det av konsesjonslova § 8 at buplikta som hovudregel inneber plikt til faktisk busetnad på eigedomen, og at denne skal oppfyllest innan fastsette fristar. Kommunen har òg eit ansvar for å følgja opp brot på vilkår, jf. konsesjonslova §§ 16 og 17, som opnar for pålegg og tvangsmiddel ved manglande etterleving.

Det er lenge sidan kommunestyret har fått ei samla orientering frå administrasjonen om korleis buplikta vert praktisert og følgt opp i Kvinnherad kommune. På denne bakgrunnen ønskjer Senterpartiet ei oppdatert og skriftleg avklaring, og stiller følgjande spørsmål til ordføreren:

1. Kor mange gardsbruk i Kvinnherad kommune har buplikt per i dag?
2. Korleis vert buplikta praktisert og følgt opp administrativt, frå vedtak til eventuell kontroll?
3. Vert det gjennomført systematisk kontroll for å sikra at buplikta vert etterlevd, og i så fall korleis?
4. Kva tiltak vert nytta dersom buplikta ikkje vert oppfylt, og i kva grad har kommunen teke i bruk heimlane i konsesjonslova ved brot på buplikta?

Helsing

Stein Olav Ølvestveit

Kvinnherad Senterparti

Sendt fra [Outlook for iOS](#)